

## 0 Samandrag

Vi presenterar i denne rapporten innkjøps- og aktivitetstal på hjelpemiddelområdet for 1996. Dei er framstilt i ein samla nøkkeltalstabell (tabell 1 i vedlegget). Tala er i hovudsak henta frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem. Dette gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar.

I 1996 var utgiftene til kjøp av varer og tenester på hjelpemiddelområdet på 1 542,7 mill. kr. Den nominelle auken er på 10,6 % frå 1995.

To hovedgrupper av hjelpemidler aukar spesielt mykje. For det første har vi hjelpemidler til tilpassing av bustad. Under dette finn vi heis og løfteplattform, bad- og toalett hjelpemidler. Desse aukar med over 20 % i løpet av året. For det andre har vi teknologibaserte hjelpemidler, som datautstyr og lydoverføringssystem. Her er auken frå 20 % til nærare 40 % i løpet av eit år. Auken i innkjøp av datautstyr må seiast å vere dramatisk, og dette vil etter alt å dømme bli ein endå tyngre post framover.

Utlånsverdien aukar i omlag same takt som innkjøpsverdien. Vi har berekna ein gjenbruksverdi ved å ta ut differansen mellom utlån og innkjøp. Dette er rett nok ein grov metode, men den gir ein del indikasjonar.

Som venta ser vi store forskjellar i gjenbruksprosent. Gruppene med høgast gjenbruksfrekvens, senger, rullestol, sittemøbler, løftehjelpemidler og respirasjonshjelpemidler, har over 50 % i berekna gjenbruksverdi. Det er det same som vi fann i 1995 (jfr. RTV-rapport 11/96).

Datautstyr utmerkar seg med låg gjenbruksfrekvens. Dette skuldast både krav om at utstyret skal vere moderne, og at volumet er raskt aukande. Det vil vere lite tilbakelevert utstyr på lager som det er hensiktsmessig å formidle på nytt.

Talet på betjente brukarar har auka frå 108 940 til 120 540 frå 1995 til 1996. Omlag 65 % av brukarane er over 70 år. Andelen av befolkninga i denne aldersgruppa gir haldepunkt for eit omtrentleg potensiale. Vi har elles ingen tal for kor mange funksjonshemma som fins, og kor mange som treng hjelpemidler. Pr. utgangen av 1996 er det registrert ca. 360 000 brukarar med utlån.

Det er store forskjellar mellom antal menn og kvinner blant brukarane. I gruppa barn og ungdom under 20 år ser vi ein høg mannsdominans, med 56,7 %. Forskjellane er klart størst i gruppa 0 - 10 år, der gutane utgjør 60,2 % av brukarane.

I gruppa over 70 år er 68 % av brukarane kvinner. I denne aldersgruppa vil vi kunne vente ei overvekt av kvinner, ut frå lenger levealder, og det at kvinner oftare bur heime i høg alder enn menn. I gruppa 20 til 69 år er kvinneandelen også forholdsvis høg, ca 58 %. Her må andre faktorar forklare kjønnsforskjellane

Vi har samanstilt innkjøps-, utlåns- og brukartala for perioden 1994 til 1996. Frå 1994 til 1995 ser vi ein tendens til at gjennomsnittleg utlånsverdi pr. brukar går opp medan gjennomsnittleg antal hjelpemidler utlånt pr. brukar er stabil. Dette skulle tyde på ei viss vridning i retning av dyrare produkt. Gjennomsnittsverdien pr. eining i innkjøp og utlån aukar og ein del i denne perioden.

Frå 1995 til 1996 er dette ikkje så tydeleg. Utlån pr. brukar, både antal og verdi, er stabil. Utlånsverdien pr. brukar går litt ned. Det ser heller ut til at auke i talet på brukarar står for bortimot heile utgiftsauken i denne perioden.

## 1 Innleiing

Vi presenterar i denne rapporten innkjøps- og aktivitetstal på hjelpemiddelområdet for 1996. Dei er framstilt i ein samla nøkkeltalstabell (tabell 1 i vedlegget). Tala er i hovudsak henta frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem. Dette gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar.

Frå og med 1994 er hjelpemiddelsentralane administrativt lagt inn under trygdeetaten. I 1995 fekk vi oppretta hjelpemiddelsentraler i dei tre siste fylka. Det er og tilført mange nye stillingar til sentralane. Det betyr at vi har eit tilnærma likt tilbod av hjelpemidler til funksjonshemma over heile landet.

I kapittel 2 vert det beskrive dei datakjeldene som er nytta, samt ei drøfting av datakvaliteten. Kapitla frå 3 til 6 er ei meir deskriptiv gjennomgang av data frå innkjøp, utlån, brukar-kontaktar og saksmengde. Kapittel 7 er eit drøftingskapittel der en del trådar frå dei føregåande kapitla vert samla og sett i samanheng.

Alle tabellar med fylkestal er plassert i vedlegget bakerst. Den viktigaste av desse er nøkkeltalstabellen, som er ei samla talmessig framstilling av mange utgifts- og aktivitetstal. Ei forklaring til tabellen er og plassert i vedlegget.

Under budsjettoppfølgingane overfor hjelpemiddelsentralane er det sett opp bestemte måleindikatorar for aktivitet på hjelpemiddelområdet. I denne rapporten har vi teke med følgjande:

- Kjøp av varer og tenester i forhold til innbyggartal i fylka
- Kjøp av varer og tenester i forhold til talet på mottakarar av alders- og uføretrygd
- Verdi av utlån pr. betjent brukar
- Verdi av gjenbruk i forhold til verdi av utlån
- Talet på registrerte og betjente brukarar i forhold til innbyggartalet i fylka
- Talet på registrerte og betjente brukarar i forhold til talet på mottakarar av alders- og uføretrygd

Vi kjem attende til desse under dei enkelte kapitla.

## 2 Datakjelder og datakvalitet

Vi har nytta ulike datakjelder i arbeidet. Innkjøpstal for varer og tenester er henta frå rekneskapssystemet i trygdeetaten. Oppgjer for hjelpemiddelsentralane sine innkjøp vert overført direkte til eigne konti i rekneskapssystemet i trygdeetaten. Kontoinndelinga er meir detaljert enn før, slik at utgiftsnivået innafor hovedgruppene, og i nokre tilfeller på undergruppenivå, kan avlesast frå månad til månad.

Øvrige data til nøkkeltalstabellen er teke frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem, og er basert på fortløpande registreringar. Det gjeld innkjøpstal som er meir detaljert enn rekneskapaen tillet, samt utlånstal og brukartal. Desse dataene vert overført til ein sentral database i Rikstrygdeverket kvart kvartal.

Det administrative datasystemet ved hjelpemiddelsentralane er eit driftssystem utvikla for å halde dagleg oversyn over materialflyten, utlån, innkjøp, innleveringar og lagerhald. Det er

ikkje primært laga for rekneskaps- og statistikkføremål. Systemet er einsarta ved alle sentralane, men til tross for ein tilpassa applikasjon, har det vore ope for noko ulik bruk frå fylke til fylke. På grunn av manglande standardar, for lite rettleiing, samt høve for lokale tilpasningar, har det utvikla seg ulike registreringsrutinar på enkelte område.

Vi har så langt som mogeleg gått gjennom og kvalitetssikra tala, men framleis ligg det feilkjelder som det er vanskelig å rette opp på historiske tal. Det gjeld f.eks. når det er ulik praksis ved sentralane om eit samansett hjelpemiddel skal registrerast som eit eller fleire. Det kan oppstå på grunn av for lite koordinering av praksis, og at ein viss grad av fridom har vore akseptert. Det er i gang arbeid for å få til ein meir einsarta registreringspraksis og verdiberekning.

### 3 Kjøp av varer og tenester

#### 3.1 Utgiftsutviklinga

I 1996 var utgiftene til kjøp av varer og tenester på hjelpemiddelområdet på 1 542,7 mill. kr. Den nominelle auken er på 10,6 % frå 1995. I tabell 3.1 har vi sett opp utgiftene på området frå 1989 til 1996, med prosentvis auke i faste kroner.

*Tabell 3.1. Utgiftsutviklinga på hjelpemiddelområdet, nominelle og faste kroner, og prosentvis endring i faste kroner. Alle beløp i heile 1000 kroner.*

År	Utgifter til innkjøp nominelle kroner	Utgifter til innkjøp faste 1996-kroner	Prosentvis endring faste kroner
1989	690 708	815 476	
1990	853 986	968 238	18,73
1991	969 181	1 062 698	9,76
1992	1 056 556	1 131 216	6,45
1993	1 162 838	1 217 631	7,64
1994	1 260 396	1 302 062	6,93
1995	1 394 970	1 406 220	8,00
1996	1 542 763	1 542 763	9,71

I nøkkeltalstabellen (tabell 1 i vedlegget) er det teke med innkjøp av varer og tenester fordelt på fylke. Vi ser her store variasjonar i kostnadsnivå, totalt og på enkeltgrupper av hjelpemidler. Variasjonane kan delvis skuldast tilfeldige utslag som kan oppstå eit enkelt år. Men årsaka ligg og i ulik organisering og prioritering av oppgåver blant sentralane. Til dømes er det store forskjellar i kor mange som er tilsett av teknisk personell. Dei som har mange kan

utføre ein stor del av reparasjonane sjølv. Dei som har lite personell til dette må kjøpe tenester eksternt, noko som til no er belasta stønadsbudsjetten.

Av totalutgiftene vert ein del belasta trygdekontora direkte, dvs. innkjøp som skjer utanom hjelpemiddelsentralane. Andelen av utgiftene utanom sentralane er 6,1 % i 1996. Denne andelen har blitt mindre med åra, etter kvart som sentralane har starta opp og fått betre dekning i sine fylke. I 1995 var denne andelen ca. 17 %.

Andelen varierar sterkt blant fylka (jfr. nøkkeltalstabellen). Dei nyare sentralane har enno ikkje overteke alt innkjøpet i sitt fylke. Vidare har nokre sentralar på grunn av for liten kapasitet vore nøydde til å utelate enkelte grupper hjelpemidler frå tilbodet. Med den auka kapasiteten som er bygd opp det siste året vil sentralane kunne ta alle hjelpemiddelgrupper. Andelen utanom sentralane vil framover bli sterkt redusert.

### **3.2 Resultatindikatorar for innkjøp**

I kap. 1. er følgande indikatorar for innkjøp sett opp:

- Kjøp av varer og tenester i forhold til innbyggartal i fylka.
- Kjøp av varer og tenester i forhold til talet på mottakarar av alders- og uføretrygd.

I tabell 3 i vedlegget har vi fylkesvise tal for innkjøpsutgifter fordelt på innbyggjarar og pensjonsmottakarar. Mottakarar av alders- og uføretrygd er nytta som målestokk fordi denne gruppa har meir til felles med den faktiske brukargruppa ved hjelpemiddelsentralane enn kva som er tilfelle med befolkninga totalt.

Forskjellane i utgiftsnivå mellom fylka er påfallande stor, både pr. innbyggjar og pr. pensjonsmottakar. Til ein viss grad kan dette forklarast med at fylka er ulike m.o.t alderssamansetjing og uførefrekvens. Vi ser til tross for dette at det er større prosentvis avstand frå høgaste til lågaste verdi i utgifter pr pensjonsmottakar enn det er pr. innbyggjar. Sentralane har rett nok hatt ulike funksjonstid og har i ulik grad dekkja det potensielle behovet. Men dette mønsteret har likevel ein del fellestrekk frå år til år. Det reiser spørsmålet om kva som er årsaken til at enkelte fylke over lang tid har eit lågare utgiftsnivå enn andre. Foreløpig har vi ikkje hatt høve til å undersøke dette.

### **3.3 Innkjøpsprofil**

I tabell 3.2 har vi stilt opp dei største produktgruppene målt i innkjøpsverdi pr. år. Grupperinga følger nivå 2 i Nordisk klassifikasjon, og er derfor forholdsvis grov.

Tabell 3.2 Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1995 og 1996, samt prosentvis endring. Beløp i heile 1000 kr.

Indeksnr. og type	1995	1996	Prosentvis endring
<b>0303 Respirasjonshjelpemidler</b>	41 711	42 867	2,8
<b>0912 Toaletthjelpemidler</b>	15 748	21 651	37,5
<b>0933 Vask, bad og dusjhjelpem.</b>	17 257	21 113	22,3
<b>1206 Ganghjelpemidler</b>	30 404	30 808	1,3
<b>1221 Manuell rullestol</b>	112 615	128 659	14,2
<b>1221 Elektrisk rullestol</b>	135 056	158 713	17,5
<b>1236 Løftehjelpemidler</b>	19 854	23 357	17,6
<b>1809 Sittemøbler</b>	121 396	137 300	13,1
<b>1812 Senger</b>	39 747	45 440	14,3
<b>1830 Heis, løfteplattform</b>	66 048	88 247	33,6
<b>2106 Elektrooptisk utstyr</b>	27 818	30 985	11,4
<b>2109 EDB-utstyr, tilbehør</b>	21 088	29 358	39,2
<b>2112 Datamaskin</b>	17 375	23 765	36,8
<b>2139 Lydoverføringssystem</b>	14 577	17 459	19,8
<b>2148 Varslingshjelpemidler</b>	21 424	23 666	10,5

I tabellen ser vi fleire tendensar som vi og har sett tidlegare. To hovedgrupper av hjelpemidler aukar spesielt mykje. For det første har vi hjelpemidler til tilpassing av bustad. Under dette finn vi heis og løfteplattform, bad- og toaletthjelpemidler. Desse aukar med over 20 % i løpet av året.

For det andre har vi teknologibaserte hjelpemidler, som datautstyr og lydoverføringssystem. Her er auken frå 20 % til nærare 40 % i løpet av eit år. Auken i innkjøp av datautstyr må seiast å vere dramatisk. Dette vil etter alt å dømme bli ein endå tyngre post framover. Trygda får ansvar for finansiering av skulehjelpemidler frå 1997, og det vil for ein stor del vere datautstyr.

Vi har og sett nærare på kva produktgrupper som har størst auke målt i kroneverdi. Her har vi sett på utviklinga frå 1995 til 1996.

Tabell 3.3 Innkjøp av enkelte hjelpemiddelgrupper 1995 og 1996. Dei gruppene som har størst vekst i kronebeløp i perioden. Beløp i heile 1000 kr.

Indeksnr. og gruppe	Utgifter 1995	Utgifter 1996	Auke i 1000 kr.
030318 Oksygenutstyr	15 653	18 018	2 365
122106 Manuell bakhjulsdrevet rullestol	108 352	123 650	15 298
122124 Elektrisk rullestol, manuell styring	31 479	38 969	7 490
122127 Elektrisk rullestol motorisert styring	99 428	114 710	15 282
180903 Stoler	33 956	38 639	4 683
180912 Stol med oppreisfunksjon	49 441	55 756	6 315
180918 Høye barnestoler	1 581	5 011	3 430
181218 Madrasser	3 318	5 331	2 013
183003 Heiser i sjakt	6 208	10 269	4 061
186006 Løfteplattformer	9 781	15 837	6 056
180309 Trappeheiser	33 947	40 026	6 079
181215 Portable ramper	4 800	7 054	2 254
181218 Stasjonære ramper	11 377	14 148	2 771
211203 Datamaskiner, hovedenhet	9 696	11 829	2 133
214209 Samtaleapparater	5 734	7 917	2 183
241203 Fjernstyringssystemer	9 048	12 808	3 760

Dette er i hovedsak dei hjelpemiddelgruppene som har ein auke på over 2 mill. kr. frå 1995 til 1996. I denne tabellen vil vi finne igjen mange av dei same hjelpemidlene som i tabell 3.2. Her har vi nytta underkategoriane (Nordisk klassifikasjon, nivå 3).

## 4. Utlån

### 4.1 Resultatindikatorar for utlån og gjenbruk

I kap. 1 vart m.a. desse resultatindikatorane relatert til utlån og gjenbruk sett opp:

- Verdi utlån pr. betjent brukar.
- Verdi av gjenbruk i forhold til verdi av utlån.

Tal som illustrerar desse indikatorane er tekne med i nøkkeltalstabellen (tabell 1 i vedlegget). Her har vi teke med utlånstal og utlån pr. brukar, gjenbruk i verdi og i prosent av totalt utlån på fylkesnivå.

Vi ser det er ulikt forhold mellom totalt og permanent utlån blant fylka. Årsaken er ulik praktisering av ordningane med korttids- og utprøvingsslån. Det ser også ut til å vere manglande oppdatering i utlånsregisteret i enkelte fylke, der permanent utlån berre utgjer halvparten eller mindre av det totale utlånet.

## 4.2 Utvikling i utlånsverdi

I tabell 4.1 har vi sett opp utviklinga i utlånsverdi gjennom hjelpemiddelsentralane i tidsrommet 1991 til 1996

*Tabell 4.1. Utvikling i utlånsverdi av hjelpemidler gjennom hjelpemiddelsentral 1991 - 1996  
Beløp i heile 1000 kroner.*

År	Total utlånsverdi ved HMS	Prosentvis endring	Antal sentralar
1991	851 400		14
1992	1 066 300	25,2	14
1993	1 376 300	29,1	17
1994	1 535 153	11,5	17
1995	1 677 447	9,3	19
1996	1 858 004	10,8	19

Som vi ser er auken i utlånsverdi spesielt høg frå 1991 til 1993. Det kan sjå merkeleg ut, i og med at auken i innkjøpskostnader var moderat i denne perioden (jfr. tabell 3.1). Det kan likevel godt vere riktig. Dette har samanheng med fleire faktorar. For det første gjeld tala i tabell 4.1 berre utlån gjennom hjelpemiddelsentralane medan tabell 3.1 gjeld heile hjelpemiddelområdet. Sentralane er i denne perioden under oppbygging, og overtek ein stadig større andel av innkjøp og utlån. For det andre aukar volum og verdi av gjenbruk i denne perioden, og dette er inkludert i utlånsstatistikken. Etter nokre år med sterk auke i innkjøp er hjelpemiddelparken til ein viss grad fornya, og vil utgjere ein gjenbruksressurs dei neste åra.

I tabell 4.2 har vi sett på utviklinga i utlånsverdi og utlån pr. brukar i perioden 1993 til 1996. Dei to sist oppstarta sentralane er i etableringsfasen i denne perioden. For å eliminere effekten av oppstart av nye sentralar har vi berre teke med tal frå dei 17 fylka som har hatt hjelpemiddelsentral heile denne perioden. Østfold og Nord-Trøndelag er difor ikkje inkludert.

*Tabell 4.2. Utviklinga i samla utlånsverdi 1993 - 1996, 17 fylke. Løpande kroner.*

År	Utlånsverdi .1000 kroner	Prosentvis endring	Antal betjente brukarar	Utlånsverdi pr. brukar
1993	1 376 300		97 073	14 178
1994	1 535 153	11,5	102 607	14 960
1995	1 631 159	6,2	103 531	15 755
1996	1 729 426	6,0	110 924	15 582



Utlån pr. brukar syner stigning fram til og med 1995. I 1996 har vi ein mindre nedgang. Årsaken kan vere at ein stor del av brukartilgangen i 1996 har vore brukarar med meir avgrensa behov, og som har fått færre og rimelegare hjelpemidler.

I tabell 4.3 har vi teke ut dei største produktgruppene i innkjøpsverdi (jfr. tabell 3.2), og sett på forholdet mellom innkjøps- og utlånsverdi. Differansen mellom total utlånsverdi og innkjøpsverdi utgjer berekna gjenbruksverdi. Denne er vidare rekna i prosent av utlånsverdi.

*Tabell 4.3. Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1996, utlånsverdi og brutto gjenbruksverdi. Beløp i heile 1000 kroner.*

<b>Indeksnr. og type</b>	<b>Innkjøpsverdi</b>	<b>Utlånsverdi</b>	<b>Differanse Berekna gjenbruk</b>	<b>Berekna gjenbruk i prosent</b>
<b>0303 Respirasjonshjelpemidler</b>	42 867	95 124	52 257	54,9
<b>0912 Toaletthjelpemidler</b>	21 651	40 835	19 184	47,0
<b>0933 Vask, bad og dusjhjelpem.</b>	21 113	30 663	9 550	31,1
<b>1206 Ganghjelpemidler</b>	30 808	60 281	29 473	48,9
<b>1221 Manuell rullestol</b>	128 659	335 269	206 610	61,6
<b>1221 Elektrisk rullestol</b>	158 713	302 308	143 595	47,5
<b>1236 Løftehjelpemidler</b>	23 357	56 349	32 992	58,5
<b>1809 Sittemøbler</b>	137 300	280 527	143 227	51,1
<b>1812 Senger</b>	45 440	147 594	102 154	69,2
<b>1830 Heis, løfteplattform</b>	88 247	86 543	- 1 704	- 2,0
<b>2106 Elektrooptisk utstyr</b>	30 985	45 053	14 068	31,2
<b>2109 EDB-utstyr, tilbehør</b>	29 358	29 758	400	1,3
<b>2112 Datamaskin</b>	23 765	26 033	2 268	8,7
<b>2139 Lydoverføringssystem</b>	17 459	24 494	7 035	28,7
<b>2148 Varslingshjelpemidler</b>	23 666	27 954	4 288	15,3

Dette er ein svært grov og til dels unøyaktig metode for utrekning av gjenbruk. Verdien av reelt gjenbruk er langt meir komplisert å finne. Vi må i tilfelle skilje mellom verdi av totalt og permanent utlån. Dette skillet vert praktisert ulikt frå fylke til fylke, og det vert difor vanskeleg å framskaffe data som kan samanliknast. Vidare må justeringar i lagerverdi takast med i ei slik utrekning.

Sjølvs om det har sine veikskapar med denne utrekninga er det det næraste vi kjem ei indikasjon på gjenbruksverdi fordelt på ulike hjelpemiddelgrupper. Som venta ser vi store forskjellar i gjenbruksprosent. Gruppene med høgast gjenbruksfrekvens, senger, rullestol, sittemøbler, løftehjelpemidler og respirasjonshjelpemidler, har over 50 % i berekna gjenbruksverdi. Det er det same som vi fann i 1995 (jfr. RTV-rapport 11/96).

Datautstyr utmerkar seg med låg gjenbruksfrekvens. Dette skuldast både krav om at utstyret skal vere moderne, og at volumet er raskt aukande. Det vil vere lite tilbakelevert utstyr på lager som det er hensiktsmessig å formidle på nytt. Når det gjeld heis og løfteplattform, så har vi negativ gjenbruksverdi. Dette skuldast utrekningmåten. Dette er utstyr som ikkje vert kjøpt inn for lager. Det kan tenkast at større innkjøp er gjort seint på året, og at utlånsverdien kjem til syne først året etter.

## **5. Brukarar**

### **5.1 Resultatindikatorar for brukarkontakt**

Når det gjeld brukardekning er desse indikatorane sett opp:

- Talet på registrerte og betjente brukarar i forhold til innbyggartalet i fylka
- Talet på registrerte og betjente brukarar i forhold til talet på mottakarar av alders- og uføretrygd

Desse indikatorane vert illustrert i nøkkeltalstabellen og i tabell 4 i vedlegget. Her vil det og gå fram kor stor andel alders- og uføretrygdmottakarar utgjer i befolkninga i kvart fylke. Dette varierar sterkt, frå ca. 15 % til ca. 22 %. I og med at dei fleste hjelpemiddelbrukarane er alders- eller uførepensjonistar, vil det kunne vere store forskjellar mellom fylka når det gjeld den andelen av befolkninga som har hjelpemiddelbehov.

### **5.2 Brukarpotensialet**

Kan vi ved å bruke desse indikatorane seie noko om brukarpotensialet i befolkninga ? Det fins ikkje noko norm for kor stort brukarpotensialet er, og det er på ingen måte ein konstant storleik. Helse- og sjukdomsbiletet i befolkninga endrar seg. Potensialet er vidare avhengig av tilbodet av hjelpemidler, kor tilgjengelege dei er og kva alternative løysingar som fins.

Som vi ser av nøkkeltalstabellen er det registrert ca. 360 000 brukarar med utlån. Vi veit at omlag 65 % av brukarane er over 70 år. Andelen av befolkninga i denne alders-gruppa gir haldepunkt for eit omtrentleg potensiale. Vi har elles ingen tal for kor mange funksjonshemma som fins, og kor mange som treng hjelpemidler. Vi antar likevel at brukar-potensialet er relativt likt mellom fylka, når vi korrigerar for ulikheter i befolknings-samansetjing.

Nederste line i nøkkeltalstabellen (tabell 1 i vedlegget) syner talet på registrerte brukarar i prosent av befolkninga fylkesvis. Som vi ser er det store forskjellar mellom fylka. Vi kan ikkje utan vidare tolke dette som ulik behovsdekning i fylka når det gjeld hjelpemidler. Det er stor skilnad mellom fylka, m.a. når det gjeld alderssamansetjing.

### 5.3 Alderssamansetjing

Vi er interessert i å sjå på aldersfordelinga blant betjente brukarar i 1996, versus nye brukarar det same året. I tabell 5.1 har vi sett opp antal betjente brukarar fordelt på aldersgrupper.

Tabell 5.1 Betjente brukarar ved hjelpemiddelsentralane 1995 og 1996, fordelt på aldersgrupper, prosentvis fordeling på aldersgrupper 1996.

Aldersgruppe	Antal 1995	Antal 1996	Prosentandel 1996	Kumulert prosent
0 - 9 år	5 197	5 623	4,7	4,7
10 - 19 år	2 571	3 005	2,5	7,2
20 - 29 år	2 866	3 244	2,7	9,9
30 - 39 år	3 890	4 470	3,7	13,6
40 - 49 år	5 421	5 822	4,8	18,4
50 - 59 år	6 491	7 581	6,3	24,7
60 - 69 år	11 612	12 346	10,2	34,9
70 - 79 år	29 295	31 753	26,3	61,2
80 - 89 år	33 553	37 683	31,3	92,5
90 år og over	8 044	9 013	7,5	100,0
<b>Totalt</b>	<b>108 940</b>	<b>120 540</b>	<b>100,0</b>	

Tabellen syner dei enkelte aldersgruppene blant brukarane i prosent av alle betjente brukarar. Vidare syner den kumulert prosent, dvs. andel brukarar i aktuell aldersgruppe pluss dei som er yngre.

Ca. 65 % av brukarane i 1996 er over 70 år. Dette er omlag det same som tidlegare år. I forhold til alderssamansetjinga i 1995 er det nokre mindre endringar. Det er registrert størst auke i aldersgruppene frå 50 - 59 år.

### 5.4 Kjønnforskjellar

Vi er interessert i å finne ut om det kan påvisast kjønnforskjellar i dei ulike aldersgruppene blant hjelpemiddelbrukarane.

Tabell 5.2 syner store forskjellar mellom antal menn og kvinner blant brukarane. Av alle brukarane i 1996 er 63,5 % kvinner. I gruppa over 70 år er 68 % av brukarane kvinner. I denne aldersgruppa vil vi kunne vente ei overvekt av kvinner, ut frå lenger levealder, og det at

kvinner oftare bur heime i høg alder enn menn. I gruppa 20 til 69 år er kvinneandelen også forholdsvis høg, ca 58 %. Her må andre faktorar forklare kjønnsforskjellane

Tabell 5.2 *Betjente brukarar fordelt på kjønns og aldersgrupper*

Aldersgrupper	Menn	Kvinner
0 - 19 år	4 893 (56,7 %)	3 735 (43,3 %)
20 - 69 år	14 012 (41,9 %)	19 451 (58,1 %)
70 år og over	25 084 (32,0 %)	53 365 (68,0 %)
Totalt	43 989 (36,5 %)	76 551 (63,5 %)

I gruppa barn og ungdom under 20 år ser vi det motsette utslaget. Mannlege brukarar utgjer her 56,7 %. Forskjellane er klart største i gruppa 0 - 10 år, der gutane utgjer 60,2 % av brukarane.

Blant brukarane i gruppa 20 - 69 år har vi ein langt større frekvens av kvinnelege brukarar i alle aldersgrupper innan dette intervallet. Vi antar at dette kan ha samanheng med kjønnsfordelinga blant uførepensjonistar. Kvinneandelen blant uførepensjonistar i alderen 16 - 49 år er 56,2 %. (RTV 1996).

## 5.5 Nye brukarar

Ut frå nøkkeltalstabellen kan vi sjå at tilstrøyminga av nye brukarar er ganske sterk. 42,7 % av dei betjente brukarane er nye i 1996. Tilsvarende tal i 1995 var 43,8 %, dvs. ein høgare andel. Brukartala i 1995 er likevel sansynlegvis for høge, fordi det var registrert inn tidlegare brukarar ved dei nye sentralane. Vi har difor ikkje noko påliteleg samanlikningsgrunnlag.

Antalsmessig er det fleire nye i 1996 enn i 1995. Antalet nye brukarar auka med 8 % etter det som er registrert. Av nevnde grunnar er dette eit minimumstal. Auken er sansynlegvis noko større.

Om vi ser på fylkesvis utvikling, og samanliknar nøkkeltal frå 1995 og 1996, ser vi at antal nye brukarar går opp i ti av fylka, og går ned eller er stabilt i ni fylke. Vi ser ingen samanheng mellom dette og kor lenge den enkelte sentral har vore i drift.

## 6. Endringar i volum og verdi

I dette kapitlet skal vi summere opp ein del resultat frå dei andre kapitla og samanstillе dei, for om mogeleg å trekke nokre konklusjonar med omsyn til utviklinga dei to siste åra.

Vi har her samanstillt innkjøp, utlån og brukartal. Til tross for fare for brist i datakvaliteten har vi sett på hovedtal for innkjøp, utlån og brukarar i 1994, 1995 og 1996. Vi vil anta at

registreringspraksis har endra seg lite i perioden, og at eventuelle feil berre i liten grad påverkar endringsforholdet frå 1994 til 1996.

I tabell 6.1 har vi berre teke med 17 fylke. Sentralane i Østfold og Nord-Trøndelag starta opp i 1995, og for å ta bort effekten av oppstart av nye sentralar har vi ikkje teke dei med her. Når det gjeld tal for innkjøp og utlån, omfattar det berre innkjøp av hjelpemidler. Reserve- delar og kjøp av tenester m.v. er ikkje med.

*Tabell 6.1 Endring i innkjøp, utlån og antal brukarar frå 1994 til 1996. 17 fylke.*

	1994	1995	1996	Prosentvis endring 1994-95	Prosentvis endring 1995-96
<b>Kjøp hjelpemidler, verdi, 1000 kroner</b>	730 722	836 755	937 110	14,51	11,99
<b>Kjøp hjelpemidler, antal</b>	262 241	281 999	299 055	7,53	6,05
<b>Utlån hjelpemidler, verdi, 1000 kroner</b>	1 535 153	1 631 159	1 729 426	6,25	6,02
<b>Utlån hjelpemidler, antal</b>	417 975	424 384	455 915	1,53	7,43
<b>Gjennomsnittleg verdi, kjøp</b>	2 786	2 967	3 134	6,50	5,63
<b>Gjennomsnittleg verdi, utlån</b>	3 673	3 844	3 793	4,66	- 1,33
<b>Antal brukarar</b>	102 607	103 531	110 924	0,90	7,14
<b>Utlån pr. brukar, gj.sn. verdi</b>	14 961	15 755	15 591	5,31	- 1,04
<b>Utlån pr. brukar, gj.sn. antal</b>	4,07	4,10	4,11	0,74	0,24

Frå 1994 til 1995 ser vi ein tendens til at gjennomsnittleg utlånsverdi pr. brukar går opp medan gjennomsnittleg antal hjelpemidler utlånt pr. brukar er stabil. Dette skulle tyde på ei viss vridning i retning av dyrare produkt. Gjennomsnittsverdien pr. eining i innkjøp og utlån aukar og ein del i denne perioden.

Frå 1995 til 1996 er dette ikkje så tydeleg. Utlån pr. brukar, både antal og verdi, er stabil. Utlånsverdien pr. brukar går litt ned. Det ser heller ut til at auke i talet på brukarar står for bortimot heile utgiftsauken i denne perioden.

Ut frå nøkkeltalstabellen kan vi sjå at tilstrøyminga av nye brukarar er ganske sterk. Nærare 43 % av dei betjente brukarane er nye i 1996. Fleirtalet av brukarane er likevel registrert frå før, og har fått supplerande hjelpemidler.

Sjølv om vi på ein del område får ei vridning mot dyrare produkt, ser det ut til at mengda av mindre og rimelegare hjelpemidler aukar, og bidrar til at gjennomsnittleg utlånsverdi ikkje aukar. Ein større andel av brukarane kan ha fått rimelegare hjelpemidler i 1996 enn tilfellet var i 1995.

Det er likevel stor skilnad på den prosentvis auken når det gjeld antal og verdi av innkjøp. Gjennomsnittleg innkjøpsverdi pr. eining har stabil auke. Antal einingar i utlån har ein klart større auke i 1996 enn i 1995.

Vedlegg:

## **Forklaring til nøkkeltalstabellen**

Tabellen inneholdt følgende kategoriar:

### **Innkjøp.**

Alle beløp er i heile millionar kr.

Behandlingshjelpemidler	Behandlings- og treningshjelpemidler
Personleg stell	Hjelpemidler til personleg stell, klede, sko, bad og toalett etc.
Forflytning	Ganghjelpemidler, rullestolar, løftehjelpemidler m.v.
Husholdning	Hjelpemidler i husholdning, ADL-hjelpemidler
Bustadtilpasning	Hjelpemidler for å innreie og tilpasse bustad og andre lokale, møbler, senger, heis, m.v.
Kommunikasjon	Hjelpemidler for kommunikasjon, informasjon og varslingskrivehjelpemidler, datautstyr, optiske hjelpemidler m.v.
Andre hjelpemidler	Hjelpemidler for handtering og transport, omgjevnadskontroll, hjelpemidler for betring av miljø og hjelpemidler for leik og fritid
Reservedeler	Deler og tilbehør for alle typer hjelpemidler
Frakt	Utgifter til frakt av hjelpemidler frå leverandør til sentral, til brukar, tilbakelevering m.v.
Tenester	Kjøp av eksterne tenester til montering, tilpasning, reparasjon og service på hjelpemidler
Sum innkjøp HMS	Alle innkjøp ved hjelpemiddelsentralane til stønadsformål
Hjelpemiddelutgifter utanom. HMS	Utgifter til hjelpemidler, deler og tenester som er fakturert ved trygdekontor
<b>Utlån</b>	
Totalt utlån	Verdi av alle utlån av hjelpemidler i 1996, inkludert utprøvnings- og korttidsutlån, millionar kr.
Permanent utlån	Verdi av varige utlån, etter vedtak i trygda sine organ, millionar kr.
Gjenbruk i verdi	Totalt utlån minus innkjøp av hjelpemidler, millionar kr.

Gjenbruk prosent	Gjenbruksverdi i prosent av totalt utlån
<b>Brukarar</b>	
Registrerte brukarar	Talet på brukarar som er registrert med utlån uansett utlånstidspunkt, minus dei som er døde
Betjente brukarar	Talet på betjente brukarar i 1996, dvs. dei tilfella der det er registrert endring i hjelpemiddelutlån i løpet av året
Nye brukarar	Talet på brukarar registrert for første gong i 1996
<b>Andre kategoriar</b>	
Driftskostnader	Samla driftskostnader ved sentralane i 1996
Innbyggartal	Talet på innbyggjarar i fylka og totalt pr. 1/1 1996, heile 1000
Oppstart	Det første driftsåret for dei enkelte sentralane
Innkjøp pr. innbyggjar	Totale innkjøpsutgifter pr. innbyggjar
Innkjøp pr. betj. brukar	Totale innkjøpsutgifter pr. betjent brukar
Utlån pr. brukar	Total utlånsverdi pr. betjent brukar
% reg. brukarar	Dei registrerte brukarane som prosentandel av befolkninga



## INNHALD

0	Samandrag	side 1
1	Innleiing	“ 3
2.	Datakjelder og datakvalitet	“ 3
3	Kjøp av varer og tenester	“ 4
3.1	Utgiftsutviklinga	“ 4
3.2	Resultatindikatorar for innkjøp	“ 5
3.3	Innkjøpsprofil	“ 5
4	Utlån	“ 7
4.1	Resultatindikatorar for utlån og gjenbruk	“ 7
4.2	Utvikling i utlånsverdi	“ 8
5	Brukarar	“ 10
5.1	Resultatindikatorar for brukarkontakt	“ 10
5.2	Brukarpotensialet	“ 10
5.3	Alderssamansetjing	“ 11
5.4	Kjønnsforskjellar	“ 11
5.5	Nye brukarar	“ 12
6	Endringar i volum og verdi	“ 12

### Vedlegg

Tabell 1	Nøkkeltalstabell 1996 Forklaring til nøkkeltalstabellen
Tabell 2	Innkjøp og utlån ved hjelpemiddelsentralane 1995 og 1996
Tabell 3	Innkjøp og utlån pr. innbyggjar og pr. pensjonsmottakar 1996
Tabell 4	Brukarstatistikk 1996

## **Førord**

Utbygginga av formidlingstenesta på hjelpemiddelområdet har resultert i at det pr i dag er ein hjelpemiddelsentral i kvart fylke, som bl.a. har ansvar for forvaltning av folketrygdfinansierte hjelpemidler. Rekneskapstala viser en stor auke i innkjøpssverdi og i talet på betjente brukarar pr år. Reformar i helse- og omsorgstenester fører også til breiare økonomisk ansvar for trygdeetaten.

Som ein del av forvaltningsoppgåvene knytta til hjelpemiddelsentralane ønskjer RTV å presentere ein årleg oversikt over innkjøps- og aktivitetstal. Formålet med rapporten «*Utviklingstrekk og nøkkeltal. Hjelpemidler for funksjonshemma 1996*» er å presentere talmaterialet for det aktuelle året, og trekke liner tilbake til føregåande år. Rapporten kan dermed fungere som ei støtte til vidare planlegging av formidlingsarbeidet ved hjelpemiddelsentralane og for andre offentlege myndigheter.

Talmaterialet er i hovudsak henta frå hjelpemiddelsentralane sine datasystem. Dette gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar. Vi har og nytta rekneskapstal for 1996, så langt desse har vore mogeleg å bruke. Her har vi ein mindre detaljeringsgrad, og dei gir ikkje høve til å gå nøyre inn på dei enkelte hjelpemiddelgruppene.

Av ulike årsaker er denne rapporten forsinka, og av den grunn har den mista noko av sin aktualitet. Vi ønskjer likevel å gje den ut for å ha kontinuitet i rapportane på hjelpemiddelområdet. Utgiftene har auka sterkt dei siste åra. Dette har ulike årsaker. Vi antyder i rapporten ein del årsaker til dette, men vil ta med ein meir omfattande analyse av dette i nøkkeltalsrapporten for 1997.

Rapporten er utarbeidd av førstekonsulent. Sigurd Gjerde, Helseøkonomikontoret.

Rikstrygdeverket  
Mai 1998

Drude Berntsen  
avdelingsdirektør

Stig Grydeland  
avdelingsdirektør

## **Tabelloversyn**

*Tabell 3.1. Utgiftsutviklinga på hjelpemiddelområdet, nominelle og faste kroner, og prosentvis endring i faste kroner. Alle beløp i heile 1000 kroner.*

*Tabell 3.2 Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1995 og 1996, samt prosentvis endring. Beløp i heile 1000 kr.*

*Tabell 3.3 Innkjøp av enkelte hjelpemiddelgrupper 1995 og 1996. Dei gruppene som har størst vekst i kronebeløp i perioden. Beløp i heile 1000 kr.*

*Tabell 4.1. Utvikling i utlånsverdi av hjelpemidler gjennom hjelpemiddelsentral 1991 - 1996  
Beløp i heile 1000 kroner.*

*Tabell 4.2. Utviklinga i samla utlånsverdi 1993 - 1996, 17 fylke. Løpande kroner.*

*Tabell 4.3. Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1996, utlånsverdi og brutto gjenbruksverdi. Beløp i heile 1000 kroner.*

*Tabell 5.1 Betjente brukarar ved hjelpemiddelsentralane 1995 og 1996, fordelt på aldersgrupper, prosentvis fordeling på aldersgrupper 1996.*

*Tabell 5.2 Betjente brukarar fordelt på kjønns og aldersgrupper*

*Tabell 6.1 Endring i innkjøp, utlån og antal brukarar frå 1994 til 1996. 17 fylke.*